

## Sogevegen om Nutheim


Lengde. Distance:  
Sykkel/Bike 25 km.

Tid. Duration:  
3 t/h.

Stigning. Gradient:  
370 m.

Vanskelighetsgrad. Difficulty:  
Middels. Intermediate.

Underlag. Surface:  
Asfalt, grus. Asphalt, gravel.



Ta deg tid på sykkelturen gjennom Hjøttedal, Svartdal og Flatdal. La landskapet leie deg og nyt den mektige naturen. Følg elva Hjøttedøla inn den tronge og mystiske Ambjørndalen, sjå ur og nutar som reiser seg frå dalbotnen og elva som renn ut i til stille, mørkt vatn i Flatsjø. Hjøttedal Nordbygd og Svartdal er ein del av dei mest verdifulle kulturlandskapa i Noreg. Her finn du enger av villblomar, lauvingslier og eit artsmangfald utanom det vanlege. I nutar, skogar, haugar og dalar finst det gygrer og troll, tussar og huldre. Det seie i alle fall folk her. Segn og forteljingar knytt til landskap og stadnamn er ein viktig del av opplevinga her i bygdene.

Trollbindande natur og det vakre blå ljoset har leidd ein straum av kunstnarar til Telemark og Flatdal. Nutheim vart sjølv samlingsstaden, kunstnarhotellet som gav inspirasjon og arbeidsro. Ta deg tid til ei lunsjpause her, vertskapet deler gjerne familiehistorien om Nutheim og segner frå bygda.

Andre fine stoppestadar langs ruta er Bygdemylla i Hjøttedal, der du kan ta deg eit bad i fossen, lauvingslia på Myljom-To med dei vakre styvingstrea, og spinneriet i Svartdal der du kan kjøpe med deg lokalprodusert garn.





A leisurly pace suits the cycle ride through the Land of Folk Tales in Hjøttedal, Svartdal and Flatdal. Follow the river Hjøttedøla into the narrow and mystical Ambjørndalen and watch the steep mountainsides rise from the bottom of the valleys and the river running into the dark quiet waters of Flatsjø. Old and traditional agriculture, raising and grazing livestock on farms and meadows creates a unique landscape. Fields of flowers and traditionally cultivated leafy forests together with a richness of species, creates a unique area of agriculture. In the hills, woods and valleys there are trolls and fairies. Or so people say. The folk tales tied to the land and places in these villages add an extra layer to your adventure and experience. The vistas on this route have inspired generations of artists. Nutheim Guesthouse has been a natural and vibrant centre for artists, providing a quiet space for work and inspiration. Make sure to stop and have your lunch break there. The hosts are happy to tell you all about trolls, fairies and their family history. Recommended places to stop are Bygdemylla in Hjøttedal, where you can enjoy a waterfall, fields of flowers and traditionally cultivated leafy forests at the farm Myljom-To, and Telespinn in Svartdal where you can buy locally made yarn.





# Sogevegen om Nutheim

## Hjartdal - Seljord



Lauvingslia Myljom - To  
Foto: Mona Machava

- Sykkelrute. Cycle route.
- Sykkelrute, grus. Gravel
- Europveg. Classified road.
- Fylkesveg. County road.
- Kommunal veg. Local road.
- Privat veg. Privat road.
- Traktorveg. Dirt road.
- Kulturlandskap. Culture landscape.
- Attraksjon. Place of interest.
- Matservring. Restaurant.
- Badeplass. Outdoor bath.



Skuggeliffjellet  
Seljord  
Turistinformasjon 1 km.